

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.  
Varamedlemer og tilsette som får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.  
Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til [ingunn.kile@setesdal.no](mailto:ingunn.kile@setesdal.no) eller på tlf. 94 52 13 54.

Bygland, 07.06.2010

## Innkalling til møte i Setesdal Regionråd - Styre onsdag 16.06.2010 kl. 13:30 Hovden Høyfjellshotell

Til handsaming:

Saksnummer	Innhald
PS 46/10	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 47/10	Godkjenning av møteprotokoll
PS 48/10	Referatsaker
PS 49/10	Delegerte saker
PS 50/10	Drøfting/orienteringssaker
PS 51/10	Strategisk plan for kulturminner og kulturmiljøer i Aust-Agder 2010-2013 - Høyring
PS 52/10	Politistruktur
PS 53/10	Revidert budsjett 2010
PS 54/10	Koordinator - helseprosjektet i Setesdal

Sakspapir vert ettersendt.

Bjørn A. Ropstad  
Utvalseiar

  
Ingunn Kile  
Utvalsesekretær

**PS 46/10 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**PS 47/10 Godkjenning av møteprotokoll**

# Møteprotokoll

## Setesdal Regionråd - Styre



**Møtestad:** Revsnes Hotell  
**Dato:** 20.05.2010  
**Tid:** 09:00 – 15:00

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Namn	Namn
Olav Mandt	Bjørgulv Sv. Lund	Olav K. Hovet
Knut A. Austad	Bjørn A. Ropstad	

### Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Terje Greibesland	Eli Tomine Moe	Bygland kommune

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Signe Sollien Haugå	Dagleg leiar
Ingunn Kile	Utvalssekretær

### Andre som møtte:

Namn	Funksjon
Laila Øygarden	Fylkesordførar
Jens Arild Johannessen	Rådmann Evje og Hornnes kommune
Tallak Hoslemo	Rådmann Bykle kommune
Trine P. Grønbech	Rådmann Bygland kommune
Birgit Attestog	Rektor Setesdal vdg. skule
Connie Barthold	Evje Utvikling
Kirsten Lindeberg	Politimester Agder Politidistrikt
Per Juell Larsen	Prosjektleder
Jorunn Hæstad	Tillitsvald Setesdal Driftseining
Dag Hovden	Lensmann Valle og Bykle kommune
Svein Kåre Tjomsland	Lensmann Åseral kommune
Terje Stifoss	Lensmann Evje og Hornnes kommune
Sigurd Langeid	Lensmann Bygland kommune
Oddmund Ljosland	Ordførar Åseral kommune
Johs. Bjørkeli	Fædrelandsvennen

Revsnes, 20.05.2010

  
Utvalssekretær

**Godkjenning av møteprotokoll.**

Setesdal Regionråd – eit samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle

<b>Saksnummer</b>	<b>Innhald</b>
PS 33/10	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 34/10	Godkjenning av møteprotokoll
PS 35/10	Referatsaker
PS 36/10	Delegerte saker
PS 37/10	Drøfting/orienteringssaker
PS 38/10	Rekneskap 2009 Setesdal regionråd
PS 39/10	Utkast til årsmelding Setesdal regionråd 2009
PS 40/10	Budsjett Setesdal regionråd 2011
PS 41/10	Økonomirapport - mai 2010
PS 42/10	VOX -prosjektplan
PS 43/10	Setesdalsnoden - prosjektplan
PS 44/10	Sluttrapport - Setesdalskonferansen 2010
PS 45/10	Omorganisering - vidareføring av Visit Setesdal

### **PS 33/10 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 20.05.2010**

##### **Handsaming:**

Ingen merknadar til innkalling og sakliste.  
Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteken.

##### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart vedteken.

### **PS 34/10 Godkjenning av møteprotokoll**

#### **Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 20.05.2010**

##### **Handsaming:**

Møteprotokoll frå førre møtet vart samrøystes vedteken.

##### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå førre møtet vart vedteken.

## PS 35/10 Referatsaker

### Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 20.05.2010

#### Handsaming:

Følgjande uttrykte vedlegg vart sendt ut med sakspapira:

#### RS 94/10 Regionalt næringsfond fylkeskommunen

Laila Øygarden informerte om at fylkeskommunen ikkje finn rom for slik løyving utover konsesjonskraftavtalen i 2010. Ein vil vurdere løyving på nytt i 2011-budsjettet.

Knut A. Austad – understreka at det viktig for regionrådet å arbeide for å få rammeløyving tilbake. På bakgrunn av ordskiftet ser styret at ein må revidere budsjettet for 2010 snarast og i samband med representantskapen.

#### RS 116/10 Tilleggsavtale UIA

#### RS 117/10 Interkommunalt Helseprosjekt i Setesdal

Jens Arild Johannessen informerte om helseprosjekt- folkehelsehus og demensteam, telemedisin og dermatologi. Eigeninnsats er personell frå kommunane. Dagleg leiar orienterte om at ein vurdere å engasjere prosjektleiar i ei meir definert rolle. Korleis skal ein drifte/organisere dette i framtida?

**Ordskifte** – ein ser behov for orientering frå prosjektleiar om stoda i prosjektet. Ein bør diskutere dette i samband med høyringa til samkommune. Frå 2012 vil kommunane få eit medfinansieringsbehov.

Ein vil skipe til ei orientering om dette på representantskapsmøtet.

Styreleiar la fram eit forslag til vedtak:

1. Styret tar sak 117/10 til orientering. Styret sluttar seg til vidare arbeid i tråd med prosjektplan. Ein tar sikte på medverknad i prosjektperioden gjennom årleg budsjettarb./prioriteringar, eigeninnsats m.v.
2. Det vert orientering i representantskapen 16. juni.
3. Styret ber rådmannsutvalet greie ut korleis tiltaka og ordningar skal takast vidare frå prosjektfase til i driftsfase

Forslaget vart samrøystes vedteken.

#### RS 93/10 Gjeld Glashytta

#### Vedtak:

Styret tek referatsakene til orientering.

I sak RS 117/10 Interkommunalt helseprosjekt i Setesdal vart det gjort følgjande vedtak:

1. Styret tar sak 117/10 til orientering. Styret sluttar seg til vidare arbeid i tråd med prosjektplan. Ein tar sikte på medverknad i prosjektperioden gjennom årleg budsjettarb./prioriteringar, eigeninnsats m.v.
2. Det vert orientering i representantskapen 16. juni.
3. Styret ber rådmannsutvalet greie ut korleis tiltaka og ordningar skal takast vidare frå prosjektfase til i driftsfase

RS 89/10 Vedr. tilskot til kjøp av mjølkekvote 2010  
RS 90/10 Motteke forslag, kandidat ar til styrar i helseføretaka i Helse Sør-Øst  
RS 91/10 Idemøte Naturligvis 2010  
RS 92/10 Søknad om tilskot til prosjektet " Beiting i kulturlandskapet - i pose og sekk!"  
RS 93/10 Rapport - Kroneglas  
RS 94/10 Rammebevilling til Setesdal regionråd for 2010. Verkemidlar til regionalt næringsfond og regionalutvikling  
RS 95/10 NM Akro Bygland 2010 - søknad om støtte  
RS 96/10 Vedr. støtte til "sykler til Cuba" frå Color Line setesdal Tour  
RS 97/10 Årsrapport:Folkemusikkprosjektet i Setesdal  
RS 98/10 Bekreftelse på tildelte midlar - VOX  
RS 99/10 Evjetun leirsted - svar på søknad om endring av vilkår  
RS 100/10 VS: Takk for sist - offentlig sektor i Women in Business, samling krs  
RS 101/10 utkast bolyst-søknad FOU  
RS 102/10 Tilsagn om tilskot frå Program for basiskompetanse i arbeidslivet  
RS 103/10 Ref møte i vassdragsstyret 22 mars 2010  
RS 104/10 Prosjekt psykisk helse og rus - KS tilskudd  
RS 105/10 Info om delprosjekt  
RS 106/10 Søknad om tilskot til nydyrking  
RS 107/10 Referat frå møte i prosjektgruppa 11.03.2010 i Bygland kommunestyresal  
RS 108/10 Tilsegn om tilskot til prosjekt "Beiting i kulturlandskapet - i pose og sekk" - Setesdal regionråd  
RS 109/10 Referat fra styringsgruppemøte 10.februar  
RS 110/10 Statusrapport kvinnenettverket - feb 2010  
RS 111/10 Melding om vedtak: Styrking av eigenkapital til \*\*\*\*\* - u.off  
RS 112/10 regionalayse - fase 2 - notat Agderforskning  
RS 113/10 Møte i Vassdragsstyret for øvre Otra 10.5 kl.11.30-15.00 - SAKSPAPIR  
RS 114/10 Referat frå dialogmøte "Inn på tunet" - tilbydere og NAV Setesdal  
RS 115/10 Vedr. støtte til "sykler til Cuba" frå Color Line setesdal Tour  
RS 116/10 Tilleggsavtale til avtale mellom UiA og Listerregionen, Lindesnesregionen og Setesdalsregionen om distriktsvenleg bachelor sjukepleie  
RS 117/10 Søknad -helsedirektoratet - lokalmedisinsk senter - kommunesamarbeid Setesdal  
RS 118/10 NYVEKST søknad - førebels utkast - u.off  
RS 119/10 Kandidat til Askeladdprisen 2010  
RS 120/10 Søknad om støtte til prosjekt

## **PS 36/10 Delegererte saker**

### **Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 20.05.2010**

#### **Handsaming:**

Ingen merknader til delegererte saker.

#### **Vedtak:**

Styret tek dei delegererte sakene til orientering.

DS 14/10 Utbetaling av løyving - atterhald om godkjent prosjekttrekneskap  
DS 15/10 Løyving - Norsk kulturforum - Agder, fagkonferanse Setesdal april 2010  
DS 16/10 Svar på søknad om stønad til kjøp av mjølkekvote  
DS 17/10 Svar på søknad om stønad til kjøp av mjølkekvote  
DS 18/10 Svar på søknad om stønad til kjøp av mjølkekvote  
DS 19/10 Søknad om støtte til CD - utgjeving med folkeviser, "songen"  
DS 20/10 Søknad om tilskot til mjølkekvote 2010 - løyving  
DS 21/10 Søknad om refusjon ved kjøp av mjølkekvote 2010 - løyving  
DS 22/10 Kjøp mjølkekvote 2010 - løyving  
DS 23/10 Søknad om pengestønad til Setesdalslaget i Oslo  
DS 24/10 Søknad om refusjon ved kjøp av mjølkekvote - løyving  
DS 25/10 Etablering nytt prosjekt - Brokke Destinasjon  
DS 26/10 Søknad om tilskot design, logo og nettside utvikling  
DS 27/10 Søknad om støtte til prosjekt – løyving

## **PS 37/10 Drøfting/orienteringssaker**

### **Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 20.05.2010**

#### **Handsaming:**

**DR 13/10 Styreleiar, dagleg leiar og leiar av rådmannsutvalet orienterar om: OSS, Helseprosjektet, RV9-status, møte Agderbenken, konsesjonskraft-RNF-møtetidspunkt?, kjøreplan representantskapsmøte, Naturligvis 2010, ymse nærings saker (u.off.)**

- Strategisk plan for kulturminne og kulturmiljø i Aust-Agder – høyring ut til kommunane før sommaren
- Returkraft – interessant omvisning 18. mai med SMG/representantskapet/rådmannsgruppa
- OSS-møte i Setesdal – gode tilbakemeldingar på korleis ein gjer det i Setesdal
- Samkommune- helse- høyring til kommunane – mogleg felles førebuing.
- Temaavis Setesdølen – arbeider med å finne aktuelle tema
- Styringsgruppa skipar til halvdagsmøte med NAV
- Reiselivsforum - møte 31. mai
- Setesdal næringshage – status – oppfølging.
- Reiseliv/Innovasjon Norge/tiltaksapparatet møte 8. juni – workshop, Revsnes
- Næringsssamling 25.-26. mai Lyngdal, målgruppe 1.line-tenesta tiltaksarbeid/landbruk, sjekk at tilsette i din kommune er meldt på.
- Rv 9 , møte 11.juni, Stamveggruppa blir bedt om å vurdere korleis ein får framdrift – i konseptutvikling / restutbygging og utarbeiding av planreserver- og om tenestekjøp direkte eller indirekte kan vere teneleg.
- Framtidsbygda seminar Evjemoen 13. august – sørg for påmelding!
- Representantskapsmøter – kjøreplan: samtidig med Håheller – opning. Sjå på om det kan koordinerast. Sekretariatet kjem med forslag til ny kjøreplan.
- Næringsssakar – dagleg leiar informerte om kva for saker som ligg på vent og tenkt oppfølging. Styreleiar satt fram framlegg om at dagleg leiar får fullmakt til å gjere vilkårsending i sak om Sølv garden, samt oppretthalde tilsegn ang. Studio Moosika. Dette vart samrøystes vedteken.  
**Vedtak:** Dagleg leiar får fullmakt til å gjere vilkårsending i sak om Sølv garden, samt oppretthalde tilsegn ang. Studio Moosika – og til adm. omdisponering av delar av ramma til Trollbakken.

## **DR 14/10 Politistruktur**

Styreleiar ønskte Kirsten Lindeberg, lokale lensmenn og tillitsvald velkomen. På oppdrag frå departementet er kvar einiskild politidistrikt blitt beden om å "vurdere tal og storleik på tenestestadar i det einskilde politidistrikt. Det skal utredast fordelar og ulempar knytt til færre tenestestadar i dei ulike driftseiningar og pekast på alternative løysingar uavhengig av strukturen på driftseininga." Det er lagt fram ein rapport, der høyringsfristen er satt til 1. juli.

Hovudtrekka i rapporten vart lagt fram av politimeister Kirsten Lindeberg og prosjektleiar Per Juell Larsen. Rapporten vart delt ut til styremedlem på sist møte i regionrådet, 18.03.10. Til dette møtet vart det sendt ut innspel frå tillitsvald i Setesdal Driftseining til styremedlema på førehand.

### **Ordskiye - og innspel til vidare arbeid:**

Rapporten er lite informerende når det gjeld kva for konsekvensar dette vil få for dei lokale kontor / tilsette og tilstadevere. Ein må konkretisere kva ein forventar av synlig het og tryggleik og sjå på kva som krevjast av ressursar. Ein forventar at kvaliteten på polititilbodet oppretthaldast på same nivå som no. Den lokale kunnskapen om tilhøve i Setesdal som finnast blant dei lokale lensmenn må ikkje undervurderast. Ein bør heller sjå på kvifor Setesdal fungerer betre enn andre einingar og take omsyn til dette ved vidare arbeid. Det er ingen vits i å endre noko som fungerer, dersom dete ikkje er potensial til effektivisering eller økonomiske motiv. det vil heller føre til ein negativ spiral for tenesteytinga i Setesdal.

Styreleiar takka for orienteringa.

Kommunane vil drøfte saka vidare og kome med høyringsuttale kvar for seg og kan hende samla gjennom regionrådet..

## **DR 15/10 Orientering om prosjektplan for VOX - basiskompetanse for næringslivet - og ny Kompetansenode - Tankar om samordning av ymse kompetansetiltak/organiseringar i Setesdalsregionen framover**

Desse orienteringane vart handsama som politiske sakar. Sjå PS 42/10 og PS 43/10

### **Vedtak:**

Styret tek drøfting/ orienteringsakane til orientering.

## **PS 38/10 Rekneskap 2009 Setesdal regionråd**

### **Tilråding:**

Styret godkjenner rekneskapen som framlagt. Underskot i driftsrekneskapen på kr. 96.150,77 blir føreslege dekkja gjennom disposisjonsfond. Underskot i kapitalrekneskapen på kr 727,- blir føreslege dekkja tilsvarande gjennom disposisjonsfond. Hovudtala og ymse noter blir innarbeidd i årsmeldinga for regionrådet. Saka blir lagt fram for representantskapet på dette grunnlag.

### **Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 20.05.2010**

### **Handsaming:**

Tirådinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak:**

Styret godkjenner rekneskapen som framlagt. Underskot i driftsrekneskapen på kr. 96.150,77 blir føreslege dekkja gjennom disposisjonsfond. Underskot i kapitalrekneskapen på kr 727,- blir føreslege dekkja tilsvarande gjennom disposisjonsfond. Hovudtala og ymse noter blir innarbeidd i årsmeldinga for regionrådet. Saka blir lagt fram for representantskapet på dette grunnlag

## **PS 39/10 Utkast til årsmelding Setesdal regionråd 2009**

### **Tilråding:**

Styret gir dagleg leiar fullmakt til å slutføre årsmeldinga i høve innspel og justeringar framkome i møte 20.mai 2010. Årsmeldinga blir tilrådd lagt fram for endeleg godkjenning i representantskapet på dette grunnlaget.

## **Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 20.05.2010**

### **Handsaming:**

Ein fekk ros for ein grundig og god årsmelding. Publikumsversjon kan ev. kortas inn.

### **Vedtak:**

Styret gir dagleg leiar fullmakt til å slutføre årsmeldinga i høve innspel og justeringar framkome i møte 20.mai 2010. Årsmeldinga blir tilrådd lagt fram for endeleg godkjenning i representantskapet på dette grunnlaget.

## **PS 40/10 Budsjett Setesdal regionråd 2011**

### **Tilråding:**

Styret sluttar seg til framlegg til budsjett og legg dette fram med tilråding om godkjenning av representantskapen. Samla handlingsprogram for 2011 vil framkome i samband med oppsummering av høyringa av Utviklingsplan for Setesdal hausten 2010, og nærare spesifisering av prosjekt/tiltak.

## **Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 20.05.2010**

### **Handsaming:**

Det meste av midlar er bunden opp.

Bjørgulv Sv. Lund meinte det var forventningar i Valle til løyving til folkehøgskule. Laila Øygarden foreslo auka "kontingent".

Framlegg frå Knut A. Austad om tillegg til tilråding: Representantskapet må informerast om budsjettjustering på bakgrunn av signal frå fylkeskommunen.

Dette vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak:**

Styret sluttar seg til framlegg til budsjett og legg dette fram med tilråding om godkjenning av representantskapen. Representantskapen må informerast om budsjettjustering frå fylkeskommunen. Samla handlingsprogram for 2011 vil framkome i samband med oppsummering av høyringa av Utviklingsplan for Setesdal hausten 2010, og nærare spesifisering av prosjekt/tiltak